

2020

KVARTALSRAPPORT 30.06.2020



SPAREBANK 1 SØRE SUNNMØRE
NO 937 899 785
TELEFON 70 07 00 00

SpareBank 1
SØRE SUNNMØRE



Utsiktspunkt mot Sæbø og Hjørundfjorden, foto: Robert Bratteberg

INNHALD

HOVUDTAL	04
RAPPORT FRÅ STYRET	06
RESULTAT	11
BALANSE	12
ENDRING I EIGENKAPITAL	13
KONTANTSTRAUMOPPSTILLING	14
NOTAR	
1. REKNESKAPSPRINSIPP	15
2. SEGMENTINFORMASJON	16
3. UTLÅN TIL OG KRAV PÅ KUNDAR	17
4. TAP PÅ UTLÅN OG GARANTJAR	18
5. KAPITALDEKNING	22
6. FINANSIELLE EIGNELUTAR VURDERTE TIL AMORTISERT KOST ...	24
7. FINANSIELLE EIGNELUTAR VURDERTE TIL VERKELEG VERDI	25
8. VERDIPAPIRGJELD OG ANSVARLEG LÅN	26
9. INNSKOT FRÅ KUNDAR	27
10. LIKVIDITETSRISIKO	27
11. EIGARDELSKAPITAL OG EIGARSTRUKTUR	28
12. VIKTIGE REKNESKAPSESTIMAT OG SKJØNNMESSIGE VURDERINGAR	28
13. FINANSIELLE INSTRUMENT OG MOTREKNING	29
ERKLÆRING FRÅ STYRET OG ADMINISTRERANDE DIREKTØR	31

HOVUDTAL

RESULTAT KONSERN

(Tal i heile tusen kroner)	2. kvartal 2020	1. kvartal 2020	4. kvartal 2019	3. kvartal 2019	2. kvartal 2019	1. kvartal 2019	4. kvartal 2018	3. kvartal 2018	2. kvartal 2018
Renteinntekter	64.442	81.560	82.059	80.516	70.432	65.466	62.717	59.089	58.307
Rentekostnader	30.359	40.431	39.678	37.990	34.365	29.725	27.098	24.739	24.420
Netto renteinntekter	34.083	41.129	42.381	42.526	36.067	35.740	35.620	34.350	33.887
Provisjonsinntekter	17.482	18.745	19.067	19.392	17.060	16.546	17.272	17.422	17.249
Provisjonskostnader	1.211	1.392	1.535	1.511	1.428	1.318	1.292	1.613	993
Andre driftsinntekter	1.488	1.470	2.262	1.455	2.646	1.055	1.088	1.055	1.280
Netto provisjons- og andre inntekter	17.759	18.823	19.794	19.335	18.278	16.284	17.067	16.864	17.535
Utbytte	9.111	119	4.927	68	5.050	220	500	-21	167
Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemder	8.468	17.851	-504	3.195	14.496	38.841	8.518	6.150	6.916
Netto verdiendring på finansielle eignelutar	1.374	1.482	4.041	1.544	-4.314	36.483	1.392	237	8.385
Netto avk. på finansielle investeringar	18.953	19.451	8.465	4.807	15.233	75.544	10.410	6.366	15.467
Sum inntekter	70.796	79.402	70.640	66.669	69.578	127.568	63.097	57.581	66.890
Personalkostnader	14.768	17.425	19.819	16.840	15.373	16.924	16.975	15.156	19.214
Administrasjonskostnader	8.530	10.600	9.625	9.482	9.929	8.315	9.584	9.615	9.953
Avskrivningar varige driftsmidlar	2.142	2.168	2.580	1.830	1.807	1.793	1.739	1.780	1.781
Nedskrivningar varige driftsmidlar	-	106	-	-	-	-	-	-	-
Andre driftskostnader	4.544	6.054	7.022	4.232	4.819	4.776	5.784	3.853	3.912
Sum driftskostnader	29.984	36.140	39.046	32.384	31.927	31.808	34.081	30.404	34.859
Resultat før tap	40.812	43.262	31.594	34.285	37.651	95.761	29.016	27.176	32.030
Nedskrivning aksjar	-	-	-	-	-	-	350	-	-
Tap på utlån, garantiar	1.472	5.573	7.836	6.118	7.081	1.367	853	5.224	902
Resultat før skatt	39.339	37.689	23.758	28.167	30.570	94.394	27.813	21.953	31.128
Skattekostnad	7.200	3.300	1.095	5.800	3.300	14.000	5.092	4.000	4.825
Resultat for perioden	32.139	34.389	24.854	22.367	27.270	80.394	22.722	17.953	26.303

HOVUDTAL KONSERN

(Tal i heile tusen kroner)	2. kvartal 2020	1. kvartal 2020	4. kvartal 2019	3. kvartal 2019	2. kvartal 2019	1. kvartal 2019	4. kvartal 2018	3. kvartal 2018	2. kvartal 2018
Lønsemd									
Eigenkapitalavkastning etter skatt ¹⁾	9,93 %	10,81 %	7,10 %	6,63 %	8,76 %	27,51 %	7,10 %	5,75 %	9,27 %
Kostnadsprosenten ²⁾	42,4 %	45,5 %	55,3 %	48,6 %	45,9 %	24,9 %	54,0 %	52,8 %	52,1 %
Balansetal (tal i heile millionar kroner)									
Brutto utlån til kundar	8.916	8.663	8.843	8.944	8.794	8.384	8.114	7.890	7.699
Brutto utlån til kundar inkl. overført til KF ³⁾	11.755	11.615	11.581	11.393	11.235	10.822	10.550	10.308	10.120
Innskot frå kundar	7.319	7.098	6.962	7.034	7.137	6.722	6.454	6.396	6.275
Innskotsdekning	82,1 %	81,9 %	78,7 %	78,6 %	81,2 %	80,2 %	79,5 %	81,1 %	81,5 %
Innskotsdekning inkl. overført til KF ³⁾	62,3 %	61,1 %	60,1 %	61,7 %	63,5 %	62,1 %	61,2 %	62,1 %	62,0 %
Utlånsvekst siste 12 mnd.	1,39 %	3,33 %	8,98 %	13,36 %	14,22 %	12,69 %	10,47 %	7,78 %	6,42 %
Utlånsvekst siste 12 mnd. inkl. overført til KF ³⁾	4,63 %	7,33 %	9,78 %	10,53 %	11,03 %	9,32 %	7,97 %	6,15 %	5,26 %
Innskotsvekst siste 12 mnd.	2,55 %	5,59 %	7,87 %	9,97 %	13,74 %	12,97 %	10,55 %	12,15 %	5,74 %
Forvaltningskapital	10.812	10.583	10.215	10.180	10.282	9.794	9.271	9.180	9.061
Forvaltningskapital inkl. overført til KF ³⁾	13.732	13.535	12.954	12.629	12.724	12.232	11.706	11.598	11.482
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	10.667	10.286	10.187	10.057	9.713	9.527	9.247	9.184	8.762
Tap og misleghald									
Tapsprosent utlån ⁴⁾	0,07 %	0,26 %	0,35 %	0,27 %	0,33 %	0,07 %	0,04 %	0,26 %	0,05 %
Misleghaldne engasjement i % av brutto utlån	0,47 %	0,48 %	0,53 %	0,48 %	0,61 %	0,65 %	0,66 %	0,62 %	0,66 %
Andre tapsutsette engasjement i % av brutto utlån	0,18 %	0,00 %	0,00 %	0,08 %	0,08 %	0,16 %	0,08 %	0,21 %	0,22 %
Tapsprosent utlån inkl. overført til KF ^{3) 4)}	0,05 %	0,19 %	0,27 %	0,21 %	0,26 %	0,05 %	0,03 %	0,20 %	0,04 %
Misleghaldne engasjement i % av brutto utlån inkl. KF ^{3) 4)}	0,36 %	0,36 %	0,40 %	0,38 %	0,47 %	0,50 %	0,51 %	0,48 %	0,50 %
Andre tapsutsette engasjement i % av brutto utlån inkl. KF ^{3) 4)}	0,14 %	0,00 %	0,00 %	0,06 %	0,06 %	0,12 %	0,06 %	0,16 %	0,16 %
Soliditet (tal i heile millionar kroner)									
forholdsmessig									
Rein kjernekapitaldekning	17,8 %	18,1 %	18,5 %	16,8 %	16,1 %	15,6 %	16,3 %	16,2 %	
Kjernekapitalsprosent	19,6 %	19,2 %	19,6 %	17,8 %	17,1 %	16,6 %	17,3 %	17,4 %	
Kapitaldekning	22,2 %	21,8 %	22,3 %	21,1 %	19,7 %	19,2 %	20,1 %	20,4 %	
Rein kjernekapital	1.130	1.152	1.184	1.105	1.049	1.003	1.032	1.016	
Kjernekapital	1.246	1.223	1.250	1.171	1.114	1.067	1.100	1.095	
Ansvarleg kapital	1.414	1.392	1.419	1.385	1.281	1.234	1.274	1.285	
Risikovekta balanse	6.361	6.371	6.381	6.567	6.504	6.441	6.351	6.287	
Uvekta kjernekapital (Leverage Ratio)	8,5 %	8,5 %	8,7 %	8,3 %	7,9 %	7,9 %	8,5 %	8,4 %	
Likviditetsdekning (LCR) ⁵⁾	202 %	175 %	212 %	166 %	192 %	177 %	146 %	207 %	195 %
Bemanning									
Tal på årsverk	64,5	64,5	65,5	66,5	66,5	65,5	62,5	61,2	62,2
Eigenkapitalbevis ⁶⁾ (tal i heile tusen kroner)									
Resultat per eigenkapitalbevis per kvartal (i heile kr)	4,1	1,91	2,01	2,14	7,37	4,60	2,63	1,38	4,00
Tal på utferda bevis	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000
Bokført eigenkapital for eigenkapitalbevisegarane	120.531	128.531	128.531	112.500	112.500	112.500	118.449	108.753	108.753
Eigenkapitalbevisbrøk i %	10,53 %	11,1 %	11,0 %	11,0 %	10,96 %	10,92 %	11,42 %	11,39 %	11,38 %

FORHALDSTAL I % AV GFK

(Tal i heile tusen kroner)	2. kvartal 2020	1. kvartal 2020	4. kvartal 2019	3. kvartal 2019	2. kvartal 2019	1. kvartal 2019	4. kvartal 2018	3. kvartal 2018	2. kvartal 2018
Rentenetto i prosent av GFK ⁷⁾	1,29 %	1,60 %	1,65 %	1,68 %	1,51 %	1,52 %	1,48 %	1,47 %	1,48 %
Resultat etter skatt GFK	1,21 %	1,34 %	0,97 %	0,88 %	1,14 %	3,38 %	0,97 %	0,78 %	1,20 %

- Overskot i prosent av gjennomsnittleg eigenkapital (GFK). Hybridkapital er ikkje rekna med og renter på denne er fråtrekt i overskotet.
- Sum driftskostnader i % av sum inntekter.
- Kredittføretak (KF) som er nytta er SpareBank 1 Boligkreditt og Spare Bank 1 Næringskreditt.
- Nærare forklart i årsrekneskapen under utrekning av måltal.

- Likvide aktiva dividert på netto likviditetsutgang i eit 30 dagers alvorleg stressscenario.
- Tal er for morbank.
- Netto renteinntekter i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK).

RAPPORT FRÅ STYRET

Konsernet SpareBank 1 Søre Sunnmøre

Konsernrekneskapen per 30.06.20 er konsolidert på grunnlag av rekneskapane frå morbank og det heileigde dotterselskapet, Eiksundregionen Eigedom AS. Vidare er banken sin eigardel i den felleskontrollerte verksemda, Samarbeidende Sparebanker AS på 7,82 prosent konsolidert inn. Sjå i denne samanheng noten for rekneskapsprinsipp.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre rapporterer årsrekneskapen etter IFRS. Alle tal i årsmeldinga er knytte til konsern om ikkje anna er opplyst. Tal i parentes er for tilsvarande periode i fjor.

Konsernet har 65 tilsette ved utgangen av 2. kvartal - til saman utgjør dette 64,5 årsverk.

Resultat i andre kvartal


Perioda 1.4.2020 – 30.6.2020

SpareBank 1 Søre Sunnmøre leverte eit konsernresultat før tap i kvartalet på 39,3 mill. kr mot 30,6 mill. kr i same periode i fjor. Betringa kjem hovudsakleg av auka avkastning på finansielle eignelutar, reduserte kostnader og lågare tap. Høgare utbytte og positive verdiendringar bidreg med 3,7 mill.kr. Verknaden frå effektiviseringstiltak gir lågare personal- og administrasjonskostnader. Totalt sett ein nedgang på driftskostnader på 2 mill.kr samanlikna med same periode i fjor. Netto renteinntekter er redusert med 2 mill. kr, tilsvarande ein nedgang på 5,5 prosent mot same periode i fjor, som følgje av lågare utlånsrenter og lågare innskotsmargin. Banken ser vekst i breiddeinntektene og leverer ein auke i netto provisjonsinntekter på 0,6 mill.kr i kvartalet, tilsvarande ein auke på 4,1 prosent frå same periode i 2019.

Rentenetto i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er på 1,29 prosent mot 1,51 prosent i same kvartal i fjor. I andre kvartal satte Norges Bank styringsrenta til null. Dette medførte eit påfølgande fall i pengemarknadsrenta. For å tilpasse seg marknaden justerte banken ned utlånsrenta to gonger i andre kvartal. Utlånsrenta blei satt ned raskare enn innskotsrentene. Dette medførte ein negativ effekt på rentenettoen. I tillegg tok det opp mot 3 månader før marknadsfinansieringa til banken var reprisa mot marknadsrentene. Grunna den store usikkerheita i økonomien som følgje av Covid-19 har banken auka likviditetsbeholdninga. Dette har også medført ein kostnad som har verka negativt inn på rentenettoen.

Dei totale driftskostnadane er på 30 mill. kr mot 32 mill. kr i same periode 2019. Positive resultat frå tiltak satt i gong for å effektivisere drifta viser no igjen i lågare personalkostnader og administrasjonskostnader.

Eigenkapitalavkastning etter skatt



Avkastninga på eigenkapitalen etter skatt i 2. kvartal 2020 er 9,9 prosent mot 8,8 prosent i tilsvarande periode i fjor.

Resultat per 30.6.2020


Perioda 1.1.2020 – 30.6.2020

SpareBank 1 Søre Sunnmøre hadde eit konsernresultat før skatt i første halvår på 77,0 mill. kr mot 124,9 mill. kr i same periode i fjor. Resultatet for første halvår 2019 var prega av store eingongseffektar knytt til finanspostar. Første halvår 2020 syner ei betring på den underliggende drifta med auka bidrag frå netto renteinntekter og netto provisjonsinntekter.

Avkastninga på eigenkapitalen hittil i år vart 10,2 prosent mot 18,1 prosent i tilsvarande periode i fjor.

Netto provisjons- og andre inntekter

Sum inntekter eks. avkastning på finansielle investeringar i mill. kr




Netto renteinntekter aukar med 3,4 mill.kr tilsvarande 4,7 prosent samanlikna med same periode i 2019. Høgare utlånsvolum og bidraget frå netto renteinntekter i første kvartal gir ein positiv vekst hittil i år. Nedgangen i pengemarknadsrenta har betra utlånsmarginane,

men det er sterk konkurranse på utlånssida som pressar lønsemda ned. Samstundes gjer den låge pengemarknadsrenta at innskotsmarginane er betydeleg redusert.

Banken leverer vekst i provisjonar frå mellom anna forsikring, betalingsformidling og sparing og plassering. Netto provisjonsinntekter frå sal av breiddeprodukt aukar 10,3 prosent frå same periode i 2019. Provisjonsinntekter frå kredittføretaka aukar med 6,1 prosent frå same periode i 2019 grunna auka overført utlånsvolum.

Prosentvis andel av totale inntekter




Netto avkastning på finansielle eignelutar er 38 mill. kr mot 91 mill. kr i tilsvarende periode i 2019. Nedgangen frå same periode i fjor skuldast ekstraordinære gevinstar i 1. kvartal 2019. Inntekt frå utbytte i investeringar med direkte eigarskap er 9,2 mill. kr, som er 4 mill. kr høgare enn same periode i 2019.

Driftskostnader

Personalkostnader er redusert med 0,1 mill. kr i første halvår 2020 samanlikna med same periode i 2019.

Driftskostnader i mill.kr



Totale driftskostnader i konsernet aukar med 2,4 mill. kr, tilsvarende 3,7 prosent, samanlikna med same periode i fjor, og utgjer totalt 66,1 mill. kr. Prosjekt innan antikvitvask og anna regulatorisk verksemd, og høgare allianse-relaterte kostnader medførte ein auke i administrasjonskostnader og andre driftskostnader. Desse har auka med høvesvis 0,9 mill. kr og 1 mill. kr. Desse kostnadane er venta å avta gjennom året. Avskrivningar har auka med 0,7 mill. kr samanlikna med same periode i 2019.

Kostnader i prosent av totale inntekter for konsernet utgjer 44 prosent per 30.06.2020 mot 32,3 prosent for tilsvarende periode i fjor.

Tap og misleghald

Resultatrekneskapen er belasta med 7 mill. kr i tap mot 8,4 mill. kr i tilsvarende periode i 2019. Dette utgjer 0,32 prosent av brutto utlån ved utgangen av 2. kvartal 2020.

Brutto misleghaldne engasjement er på 41,9 mill. kr mot 53,2 mill. kr i same periode i 2019, og utgjer 0,47 prosent av brutto utlån mot 0,61 prosent mot same periode i 2019.

Per 30.6.2020 utgjer totale forventa tapsavsetningar på balansen 44,8 mill. kr tilsvarende 0,51 prosent av brutto utlån og garantiar. I perioden blei det konstatert tap på 18,1 mill. kr, som i hovudsak var relatert til eit engasjement innan oljeservice.

Balanse (tal i parantes frå same periode i 2019) Forvaltningskapital

Forvaltningskapitalen utgjer 10.811,8 mill. kr og har auka med 529,3 mill. kr sidan 30.6.2019. Dette svarar til ein 12 mnd vekst på 5,1 prosent.

Forretningskapitalen inklusiv lån i SpareBank 1 Boligkreditt AS og Næringskreditt AS er på 13.731,8 mill. kr og har auka med 1.007,6 mill.kr sidan 30.6.2019. Dette svarar til ein 12 mnd vekst på 7,9 prosent.

Utlån


12 – månaders veksten i brutto utlån inklusiv lån i SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt er på 4,6 prosent og svarar til totale utlån på 11.755,2 mill. kr (11.235,3 mill. kr).

Ved kvartalsskiftet var porteføljene i SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt høvesvis 2.759,9 mill. kr (2.299,1 mill. kr) og 160,1 mill. kr (142,7 mill. kr).

Som følge av auka overføringar til Boligkreditt er 12 – månaders veksten i brutto utlån på eigen balanse 0,5 prosent. Dette svarar til ein auke i utlån på 41,6 mill. kr (1.094,8 mill. kr).


Totale utlån til privatmarknaden, inkludert SpareBank 1 Boligkreditt, har auka med 554,7 mill.kr (782,1 mill. kr) til 9.923,4 mill. kr. Dette gir ein 12 mnd vekst på 5,9 prosent. Totale brutto utlån til bedriftsmarknaden, inkludert SpareBank 1 Næringskreditt, er på 1.831,8 mill.kr. Dette er ein reduksjon på 34,8 mill. kr (auke på 333,6 mill. kr), og svarar til ein 12 mnd vekst på - 1,9 prosent (21,8 prosent).

Brutto utlån til kunder i mill. kr og 12 mnd % - vekst inkl. kredittføretak



Fordelinga av totale engasjement syner at det er god bransjespreiing i bedriftsmarknadsportefølja.

Bransjespreiing av total eksponering i bedriftsmarknadsportefølja




Andelen oljerelaterte engasjement utgjer 16 prosent av samla volum av utlån og garantiar innan bedriftsmarknaden. Dette er ein reduksjon på 2,4 prosentpoeng samanlikna med same periode i fjor. I prosentdel av totale utlån og garantiar i banken utgjer oljerelatert engasjement 2,8 prosent.

Innskot

Innskot har auka med 181,9 mill. kr (862,2 mill. kr) siste 12 månader til 7.319,1 mill. kr ved utgangen av kvartalet. Dette svarar til ein vekst på 2,5 prosent (13,7 prosent).

Innskot frå kundar i mill. kr og innskotsdekning eigen balanse og inkl. kredittføretak



Innskot frå personkundar er auka med 433,0 mill. kr til 4.650,5 mill. kr, og dette svarar til ein vekst på 10,3 prosent siste 12 månader. Innskot frå næringslivskunder er redusert med 251,1 mill. kr til 2.668,5 mill. kr siste 12 månader, noko som svarar til ein reduksjon på 8,6 prosent.

Likviditet

Banken prioriterer å ha god likviditet. I perioden har banken heldt ein større likviditetsportefølje enn normalt grunna usikkerheta i nasjonaløkonomien som følger av corona-pandemien. Det er god tilgong på funding i marknaden, og banken har gjort tilbakekjøp og nyutferding av obligasjonar for å oppretthalde ein god balanse i forfallsstrukturen på eksternt funding.

Samla eksternt finansiering utgjer 1.701,6 mill. kr. Av dette har 825 mill. kr løpetid mellom 1 og 3 år, og 500 mill. kr løpetid over 3 år.

Innskotsdekninga er 82,1 prosent (81,2 prosent) ved utgangen av kvartalet.

Obligasjonsporteføljen er stabil, og er tilpassa endra likviditetskrav. Banken rapporterer ein LCR på 202 prosent ved utgangen av kvartalet (192 prosent).

Kapitaldekning

Banken sin soliditet er god. Per 30.6.2020 er rein kjernekapital i morbanken på 17,2 prosent. Andel av delårsresultatet til morbanken er då ikkje medrekna. Medrekna forventta andel av delårsresultatet som er halde tilbake utgjer rein kjernekapital 18,3 prosent.

Som følger av at banken har eigarandelar i samarbeid- ande grupper utfører banken forholdsmessig konsolidering. Rein kjernekapital forholdsmessig konsolidert er 17,8 prosent og 2,7 prosentpoeng over det regulatoriske kravet inkludert intern buffer. Kjernekapital utgjer 19,6 prosent og kapitaldekninga 22,2 prosent.

Uvekta kjernekapitalandel (LR – leverage ratio) utgjer 8,5 prosent.

Motsyklisk buffer blei av Finansdepartementet etter råd frå Norges Bank redusert frå 2,5 prosent til 1 prosent den 13. mars 2020. Det regulatoriske kravet på rein kjernekapital er etter dette 14,1 prosent. Det interne kravet på rein kjernekapitaldekning er 15,1 prosent.

Samarbeidende Sparebanker AS

Den 18. mars inngjekk Helgeland Sparebank ein intensjonsavtale om å verte ein del av ein SpareBank 1-alliansen gjennom oppkjøp av ein eigarandel på 3 prosent i SamSpar-selskapa Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende Sparebanker Utvikling DA. Transaksjonen er verdsatt til 150 mill.kr, og SpareBank 1 Søre Sunnmøre sel seg ned i størrelsesorden 0,3 prosent av sine aksjar i Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende Sparebanker Utvikling DA til ein samla verdi av 14,3 mill.kr. SpareBank 1 Søre Sunnmøre vil etter dette ha ein eigarandel på 7,53 prosent i Samarbeidende Sparebanker AS som gir 1,47 prosent indirekte eigarandel i SpareBank 1 Gruppen AS, og ein eigarandel i Samarbeidende Sparebanker Utvikling DA på 5,31 prosent som gir ein indirekte eigarandel i SpareBank 1 Utvikling DA på 1 prosent. Gevinsten frå transaksjonen er berekna til 11,3 mill.kr. Endeleg tidspunkt for gjennomføring av transaksjonen er forventta våren 2021. Konkurransetilsynet har den 19. juni klart gjennomføring av transaksjonen.

Utsiktene framover

Ei brå nedstenging som følge av smitteverntiltak har redusert innanlandsk etterspørsel, samstundes som nedstengingar hjå dei næraste handelspartnerane har redusert Noreg sin eksport. I tillegg kom eit kraftig fall i oljeprisen som medførte reduserte investeringar på norsk sokkel og redusert aktivitet innan oljeservice. I Norges Bank si siste prognose er det venta at BNP

for Noreg sitt fastland vil falle med om lag 6 prosent i andre kvartal. På den andre sida har dei raske og effektive tiltaka ført til ein raskare oppgang enn tidlegare venta. Om den positive utviklinga held fram gjennom andre halvår 2020 estimerer Norges Bank at nedgangen for 2020 totalt sett vert på 3,5 prosent samanlikna med 2019. Føresetnanden er at det ikkje vert ein ny periode med nedstenging.

Den positive utviklinga med gradvis gjenåpning og auken i innanlandsk etterspørsel har medført at andelen heilt arbeidsledige i Møre og Romsdal er redusert frå 9,3 prosent i slutten av mars til 4,1 prosent ved utgangen av juni. Tal frå NAV syner at det er venta fortsatt nedgong. Tala syner også at andel heilt ledige er noko høgare i den ytre regionen med Ulstein og Herøy, samanlikna med den indre regionen med Volda og Ørsta.

Delar av næringslivet på Søre Sunnmøre har vore gjennom fleire omstillingar tidlegare. Samstundes har regionen også næringar som er tilnærma upåverka, som fiskerinæringa, og fleire offentlege arbeidsplassar. Samstundes er det slik at utlån til næringar som er direkte ramma av smitteverntiltak utgjer ein liten del av banken si utlånsportefølje. Styret har ikkje sett noko vesentleg endring i misleghald og tapssituasjonen i andre kvartal med bakgrunn i Covid-19.

Utviklinga i bustadprisane i marknadsområdet til banken har vore meir stabil til samanlikning med dei større byane. Omsetning av bustadar i andre kvartal syner svakt stigande prisar, og det er venta at utviklinga vil halde seg stabil også framover i tid.

Kredittveksten over 12 månaders perioden var per april måned på 4,6 prosent, og den lågaste på 25 år. Framover kan lågare omsetning i bustadmarknaden og lågare konsum redusere etterspørselen etter kreditt. Lågare utlånsrenter har bidrege til lågare rentebelastning for hushaldningane. Det er venta at konkurransen på utlånsrenter vil tilspisse seg ytterlegare framover.

Forventa låg realrente vil bidra positivt på auka konsumvekst, medan fortsatt relativt høg arbeidsløyse og låg lønsvekst vil verke motsett. I sum er det venta at forholda ligg til rette for vidare vekst i inntekter framover.

Det er god bransjespreiing i marknadsområdet til banken. Ei fortsatt svak krone er gunstig for eksportindustrien. Samstundes verkar svak vekst ute hos handelspartnerar negativt inn på eksporten. Det er venta fortsatt god lønsemd for aktørar innan både fiskeri og havbruk.

At fleire nordmenn i år legg ferien til distrikta er og venta å bidra positivt for servicenæringar.


Innan oljeservice vil lågare investeringar fram mot 2022 dempe etterspørselveksten. Den forventade nedgangen er samstundes mindre enn tidlegare estimert. Høgare oljepris, og positive effektar frå endringar i petroleumsbeskatninga verkar positivt inn på investeringsviljen. For leverandørar til maritim industri vil marknaden fortsatt vere krevjande med press på lønsemda.

Styret er av den oppfatning av at banken i utgangspunktet har moderat tapsrisiko knytt til utlån. Tiltaka som er gjort av myndigheitene har vore effektive i å motverke smittespreiing, og redusert dei negative konsekvensane for økonomien. Norges Bank sine tiltak har bidrege positivt til likviditeten i marknaden for senior bankobligasjonar.

Tida framover vil vere krevjande med omsyn til usikkerheit knytt til ny smittespreiing av Covid-19. Innteininga i 2020 vil verte påverka negativt gjennom reduserte rentemargarinar. Lågare kredittetterspurnad kan skjerpe konkurransesituasjonen ytterlegare. Norges Bank har signalisert at dei held styringsrenta på 0 prosent på mellomlang sikt. Dette vil fortsette å presse ned utlånsrentene og redusere innskotsmarginane betydeleg.

Banken er godt kapitalisert med god likviditet, og som den lokale sparebanken vil vi vere ein sterk, engasjert og nær støttespelar for kundane våre også gjennom denne krevjande tida.

Volda, 13. august 2020
Styret i SpareBank 1 Søre Sunnmøre



Kjell Arvid Storeide
Styreleiar



Ole Reinhart Notø
Nestleiar




Mona Ryste
Styremedlem




Kjersti Kleven
Styremedlem



Arild Hatløy
Styremedlem



Bente Fylken
Styremedlem



Runar Gretland
Tilsetterepräsentant



Møyfrid Lillenes
Tilsetterepräsentant



Stig Brautaset
Administrerande direktør

RESULTAT

MORBANK					KONSERN						
2019	2. kvartal 2019	30.06. 2019	2. kvartal 2020	30.06. 2020	(Tal i heile tusen kroner)	Notar	30.06 2020	2. kvartal 2020	30.06. 2019	2. kvartal 2019	2019
282.657	66.607	128.319	60.063	137.284	Renteinntekter målt til amortisert kost	1	136.145	59.565	127.245	66.065	280.337
18.136	4.367	8.652	4.877	9.857	Renteinntekter målt til verkeleg verdi	1	9.857	4.877	8.652	4.367	18.136
141.865	34.413	64.188	30.381	70.836	Rentekostnader		70.790	30.359	64.090	34.365	141.758
158.928	36.561	72.783	34.559	76.305	Netto renteinntekter		75.212	34.083	71.807	36.067	156.715
72.065	17.060	33.606	17.482	36.227	Provisjonsinntekter		36.227	17.482	33.606	17.060	72.065
5.792	1.428	2.746	1.211	2.603	Provisjonskostnader		2.603	1.211	2.746	1.428	5.792
2.046	1.403	1.492	193	360	Andre driftsinntekter		2.958	1.488	3.702	2.646	7.418
68.319	17.035	32.352	16.464	33.984	Netto provisjons- og andre inntekter		36.582	17.759	34.562	18.278	73.691
62.154	56.938	57.158	24.388	24.506	Utbytte		9.230	9.111	5.270	5.050	10.266
-	-	-	-	-	Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemder		26.319	8.468	53.337	14.496	56.029
37.754	-4.314	32.170	1.374	2.856	Netto verdiendring på finansielle eignelutar		2.856	1.374	32.170	-4.314	37.754
99.908	52.624	89.328	25.762	27.362	Netto avk. på finansielle investeringar		38.404	18.953	90.778	15.233	104.050
327.155	106.220	194.462	76.785	137.651	Sum inntekter		150.198	70.796	197.147	69.578	334.455
68.712	15.296	32.173	14.630	31.988	Personalkostnader		32.193	14.768	32.297	15.373	68.955
37.351	9.929	18.244	8.530	19.130	Administrasjonskostnader		19.130	8.530	18.244	9.929	37.351
6.648	1.653	3.292	1.687	3.400	Avskrivningar av varige driftsmidlar		4.310	2.142	3.599	1.807	8.009
-	-	-	-	106	Gevinst sal/nedskrivningar varige driftsmidlar		106	-	-	-	-
17.562	4.008	7.893	4.294	9.454	Andre driftskostnader		10.598	4.544	9.595	4.819	20.849
130.273	30.886	61.602	29.141	63.865	Sum driftskostnader		66.124	29.984	63.735	31.927	135.165
196.882	75.333	132.860	47.644	73.786	Resultat før tap		84.074	40.812	133.412	37.651	199.290
7.788	-	-	-	-	Nedskrivning aksjar		-	-	-	-	-
22.401	7.081	8.448	1.472	7.046	Tap på utlån, garantiar	4	7.046	1.472	8.448	7.081	22.401
166.693	68.252	124.412	46.171	66.740	Resultat før skatt		77.028	39.339	124.963	30.570	176.889
22.005	3.300	17.300	7.200	10.500	Skattekostnad		10.500	7.200	17.300	3.300	22.005
144.688	64.952	107.112	38.971	56.240	Resultat for perioden		66.528	32.139	107.663	27.270	154.884
144.688	64.952	107.112	38.971	56.240	Utvida resultatrekneskap Resultat for rekneskapsåret		66.528	32.139	107.663	27.270	154.884
-	-	-	-	-	Andel utvida resultat i felleskontrollerte verksemd		600	276	-	-	-
-450	-	-	-40	-94	Netto estimatavvik og skatteavvik pensjonar		-94	-40	-	-	-450
144.238	64.952	107.112	38.931	56.146	Totalresultat for perioden		67.034	32.375	107.663	27.270	154.434

BALANSE

MORBANK			KONSERN				
31.12.2019	30.06.2019	30.06.2020	(Tal i heile tusen kroner)	Notar	30.06.2020	30.06.2019	31.12.2019
			Eignelutar				
42.735	34.642	38.048	Kontantar og fordringar på sentralbanken		38.048	34.642	42.735
410.392	564.010	791.528	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	6	791.528	564.010	410.392
8.851.174	8.814.067	8.873.434	Netto utlån til kundar	3	8.811.248	8.751.036	8.788.144
1.566	1.566	1.566	Overtekne eigedomar		1.566	1.566	1.566
174.713	175.531	350.963	Sertifikat og obligasjonar med fast avkastning	6,7	350.963	175.531	174.713
483.523	461.842	489.218	Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinteresser	6,7	489.218	461.842	483.523
77.982	77.381	93.234	Investeringar i felleskontrollerte verksemder	6	161.563	131.191	134.632
7.332	15.120	7.332	Investering i konsernselskap	6	-	-	-
2.066	2.749	2.066	Utsett skattefordel		7.488	2.749	7.731
57.240	49.052	54.221	Varige driftsmidler		117.680	140.820	125.544
21.860	14.119	34.060	Andre eignelutar		34.537	14.459	22.121
6.929	4.572	7.953	Forskotsbetalte kostnader og opptente inntekter		7.953	4.612	7.341
10.137.514	10.214.652	10.743.623	Sum eignelutar		10.811.790	10.282.458	10.198.442
			Gjeld				
1.275	2.142	183.945	Innskot frå og gjeld til kredittinstitusjonar	6	183.945	2.142	1.275
6.964.134	7.139.527	7.320.696	Innskot frå og gjeld til kundar	6,9	7.319.053	7.137.184	6.962.173
1.740.035	1.663.591	1.701.602	Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	7,9	1.701.602	1.663.591	1.740.035
53.686	56.482	69.103	Anna gjeld	4	65.065	57.115	54.260
6.471	8.037	5.889	Påkomne kostnader og forskotsbetalte inntekter		5.747	8.037	6.471
10.878	12.259	11.002	Avsetning til forpliktingar		11.177	12.259	10.878
151.038	150.466	150.718	Ansvarleg lånekapital	6,8	150.718	150.466	151.038
8.927.518	9.032.505	9.442.956	Sum gjeld		9.437.306	9.030.795	8.926.131
			Eigenkapital				
100.000	100.000	100.000	Eigardelskapital	11	100.000	100.000	100.000
193	193	193	Overkursfond		193	193	193
28.338	12.307	20.338	Utjæmningsfond		20.338	12.307	28.338
1.005.959	895.613	1.005.959	Sparebankfondet	5	1.005.959	895.613	1.005.959
24.024	16.824	18.104	Gåvefond		18.104	16.824	24.024
1.482	1.482	1.482	Kompensasjonsfond		1.482	1.482	1.482
-	-	-	Fond for vurderingsskilnader FKV/TS		68.329	53.810	56.650
-	105.729	54.592	Annan eigenkapital		60.079	121.435	5.665
50.000	50.000	100.000	Hybridkapital	6	100.000	50.000	50.000
1.209.996	1.182.147	1.300.667	Sum eigenkapital	5	1.374.484	1.251.663	1.272.311
10.137.514	10.214.652	10.743.623	Forvaltingskapital		10.811.790	10.282.458	10.198.442
			Forvaltningskapital inkl. Boligkreditt/ Næringskreditt				
12.876.206	12.656.419	13.663.653	Garantiansvar		214.241	241.352	222.969
222.969	241.352	214.241	Deponert i Norges Bank		220.720	-	-
-	-	220.720					

ENDRING I EIGENKAPITAL

MORBANK

(Tal i heile tusen kroner)	Eigar- andels- kapital	Overkurs og kompensa- sjonsfond	Sparebank- fondet	Utjamn- ingsfond	Gåvefond	Fond for vurderings- forskjellar	Annan eigen- kapital	Kompensa- sjonsfond	Hybrid- kapital	Sum ei- genkapital
Eigenkapital per 31.12.2018	100.000	193	895.613	18.307	21.896	-	-	1.482	50.000	1.087.491
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-6.000	-	-	-	-	-	-6.000
Estimatavvik mot EK	-	-	-450	-	-	-	-	-	-	-450
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-12.872	-	-	-	-	-12.872
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-2.861	-	-	-	-	-	-	-2.861
Årsresultat	-	-	113.656	16.032	15.000	-	-	-	-	144.688
Eigenkapital per 31.12.2019	100.000	193	1.005.959	28.338	24.024	-	-	1.482	50.000	1.209.996
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-8.000	-	-	-	-	-	-8.000
Opptak av ny hybridkapital	-	-	-	-	-	-	-	-	50.000	50.000
Estimatavvik mot EK	-	-	-	-	-	-	-94	-	-	-94
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-5.921	-	-	-	-	-5.921
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-	-	-	-	-1.554	-	-	-1.554
Delårsresultat	-	-	-	-	-	-	56.240	-	-	56.240
Eigenkapital per 30.6.2020	100.000	193	1.005.959	20.338	18.104	-	54.592	1.482	100.000	1.300.668

KONSERN

(Tal i heile tusen kroner)	Eigar- andels- kapital	Overkurs og kompensa- sjonsfond	Sparebank- fondet	Utjamn- ingsfond	Gåvefond	Fond for vurderings- forskjellar	Annan eigen- kapital	Kompensa- sjonsfond	Hybrid- kapital	Sum ei- genkapital
Eigenkapital per 31.12.2018	100.000	193	895.614	18.307	21.896	75.937	16.605	1.482	50.000	1.180.033
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-6.000	-	-	-	-	-	-6.000
Estimatavvik mot EK	-	-	-450	-	-	-	-	-	-	-450
Endring direkte mot EK	-	-	-	-	-	-	-16.995	-	-	-16.995
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-12.872	-	-	-	-	-12.872
Føring mot fond for vurderingsskilnadar FKV	-	-	-	-	-	-23.014	-	-	-	-23.014
Utbytte frå FKV	-	-	-	-	-	-51.888	51.888	-	-	-
Renter fondsobligasjon mot EK	-	-	-2.861	-	-	-	-	-	-	-2.861
Resultat for rekneskapsåret	-	-	113.656	16.032	15.000	55.614	-45.834	-	-	154.468
Eigenkapital per 31.12.2019	100.000	193	1.005.959	28.338	24.024	56.650	5.665	1.482	50.000	1.272.311
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-8.000	-	-	-	-	-	-8.000
Opptak av ny hybridkapital	-	-	-	-	-	-	-	-	50.000	50.000
Estimatavvik mot EK	-	-	-	-	-	600	(94)	-	-	506
Utbytte frå FKV	-	-	-	-	-	-15.277	15.277	-	-	-
Andre endringar	-	-	-	-	-	-20	576	-	-	556
Føring mot fond for vurderingsskilnadar FKV	-	-	-	-	-	57	-	-	-	57
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-5.921	-	-	-	-	-5.921
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-	-	-	-	-1.554	-	-	-1.554
Resultat for rekneskapsåret	-	-	-	-	-	26.319	40.209	-	-	66.528
Eigenkapital per 30.6.2020	100.000	193	1.005.959	20.338	18.104	68.329	60.079	1.482	100.000	1.374.484

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

MORBANK				KONSERN		
31.12.2019	30.6.2019	30.6.2020	(Tal i heile tusen kroner)	30.6.2020	30.6.2019	31.12.2019
166.693	124.412	66.740	Kvartalsresultat før skatt	77.028	124.964	176.889
14.436	3.292	3.400	+ av- og nedskrivningar	4.310	3.599	8.009
22.401	8.448	7.046	+ Tap på utlån/garantiar	7.046	8.448	22.401
-22.005	-17.300	-10.500	- Betalbar skatt	-10.500	-17.300	-22.005
181.526	118.852	66.685	Tilført frå årets verksemd	77.884	119.711	185.295
28.035	37.900	-13.223	Reduksjon/(auke) andre fordringar	-13.027	37.982	29.930
-35.960	-33.163	15.408	Auke/(reduksjon) anna kortsiktig gjeld	11.652	-33.139	-35.995
-5.335	-2.387	-457	Auke/(reduksjon) i andre forpliktingar	-425	-2.387	-5.335
-13.260	2.350	1.728	Likviditetsendring i resultatrekneskapen	-1.800	2.456	-11.399
-730.498	-679.437	-29.306	Reduksjon/(auke) utlån	-30.150	-679.437	-730.498
-190.939	-344.558	-381.136	Reduksjon/(auke) utlån kredittinstitusjonar/ sentralbank	-381.136	-344.558	-190.939
507.097	682.490	356.562	Auke/(reduksjon) innskot kundar	356.880	682.799	507.788
-1.361	-494	182.670	Auke/(reduksjon) innskot kredittinstitusjonar	182.670	-494	-1.361
15.698	14.880	-176.249	Reduksjon/(auke) sertifikat og obligasjonar	-176.249	14.880	15.698
-231.737	-205.916	20.954	A) Netto likviditetsendring frå verksemd	28.099	-204.642	-225.416
-30.600	-11.267	-381	Brutto investeringar bygningar/driftsmidlar	3.554	-23.211	-36.669
-	-	-	Avgang bygningar/driftsmidlar	-	-	-857
-997	-8.184	-15.251	Reduksjon/(auke) kap. tilkn. selskap/dotterselskap	-26.931	26.063	22.622
-77.081	-55.400	-5.695	Reduksjon/(auke) aksjar og eigarinteresser	-5.695	-77.527	-77.081
-108.678	-74.851	-21.327	B) Netto likviditetsendring investeringar	-29.072	-74.675	-91.985
612	40	-321	Auke ansvarleg lånekapital	-321	40	612
-21.732	-	-15.560	Endringar direkte mot eigenkapital	-14.960	-13.907	-44.746
-	-12.456	50.000	Endring opptak av fondsobligasjon	50.000	-	-
368.429	291.985	-38.433	Auke/(reduksjon) annan langsiktig gjeld	-38.433	291.985	368.429
347.309	279.569	-4.314	C) Netto likviditetsendringar finansiering	-3.714	278.118	324.295
6.894	-1.199	-4.687	A) + B) + C) Netto endringar i likvidar i året	-4.687	-1.199	6.894
35.842	35.842	42.735	Likviditetsbeholdning inngåande balanse	42.735	35.842	35.842
42.735	34.642	38.048	Likviditetsbeholdning utgåande balanse	38.048	34.642	42.735
6.894	-1.199	-4.687	Endring	-4.687	-1.199	6.894

NOTAR

Note 1

Rekneskapsprinsipp

Kvartalsrekneskapen for SpareBank 1 Søre Sunnmøre omfattar perioden 01.04.2020 - 30.06.2020, og er utarbeidd i samsvar med IFRS, herunder IAS 34 Interim Financial Reporting. Ei skildring av alle rekneskapsprinsippa konsernet har lagt til grunn ved avlegging av kvartalsrekneskapen, framgår av årsrekneskapen for 2019. Det er ikkje føreteke endringar i rekneskapsprinsipp sidan årsrekneskapen for 2019.

1.11 Revisjon

Kvartalsrekneskapen er ikkje revidert.

Note 2

Segmentinformasjon

